

Viktig informasjon angående endring av praksis for søkjarar med individuell behandling etter § 4-20 i opplæringsforskrifta

Tidlegare har Vestland fylkeskommune latt søkjarane med rett til individuell behandling vere med å konkurrere i hovudinntaket i tillegg. Dette blir det slutt på ved komande inntak.

Opplæringsforskrifta er klar på at søkjarar med rett individuell behandling ikkje skal konkurrere etter poeng.

Hovudregelen for inntak til vidaregåande opplæring er at søkjarane blir fordelt etter poengsum. Dette står beskrive i § 4-18: *Dersom det til eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 er fleire søkjarar enn fylkeskommunen har tilbod om elevplass til, skal plassane fordelast etter poengsum. Dette gjeld ikkje søkjarar som skal behandlast individuelt etter [§ 4-20](#), eller som blir tatt inn på grunnlag av fortrinnsrett etter [§ 4-21](#) til [§ 4-23](#).*

I merknad til opplæringsforskrifta § 4-20 står det: *Når søkeren oppfyller vilkårene etter denne paragrafen, skal fylkeskommunen behandle søkeren individuelt ved fordeling av plasser. Søkeren skal ikke konkurrere etter poeng, og det skal ikke beregnes poengsum.*

Dette får konsekvensar for dei som søker individuell behandling etter § 4-20, tredje ledd. Søkjarar som får karakterar i meir enn halvparten av faga, men som av tungtvegande grunnar må behandlast individuelt. Dersom dei vel å søkje om individuell behandling vil dei bli plassert og kan ikkje samtidig konkurrere etter poeng. Det vil sei at søknad til eventuelt høgare ønske, blir stoppa.